


INVITASJON TIL SEMINAR:
**ETABLERING AV NASJONALT MUSEUMSNETTVERK FOR
KULTURLANDSKAP**

10-11. juni på De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Kaupanger



ABM-utvikling har gitt De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum i oppgave å etablere eit nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap. Museet samarbeider med Høgskulen i Sogn og Fjordane om dette. Kulturlandskapet har vorte eit tema på mange museum i Noreg. Kulturlandskapa er like varierte som naturen vår, men likevel finst det mange felles spørsmål og problemstillingar rundt forskning, formidling og bevaring av kulturlandskap. Korleis kan musea ta vare på kulturlandskapa? Bør nokre museum også få eit større samfunnsansvar for dei autentiske kulturlandskapa frå fortida? Korleis etablerer ein tidsrette kulturlandskap på friluftsmusea, og korleis kan musea formidla om gamle kulturlandskap og arbeidsmåtar knytt til kulturlandskapet? Slike - og andre – problemstillingar vert sett på dagsorden på seminaret, der hovudmålet er å drøfta kva eit nasjonalt nettverk for kulturlandskap skal vera, kva innhald det skal ha og korleis ein skal arbeida i nettverket.

PROGRAM

Torsdag 10. juni

- 11:00 Registrering
- 11.30 Lunsj
- 12:30 Velkomen v/museumsdirektør Aage Engesæter, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
- 12:40 Museumsnettverket sin funksjon, sett frå ABM-utvikling sin synsstad v/ Morten Skadsem, ABMU
- 13:10 Kulturlandskapet – biologisk og kulturelt kulturminne v/ førsteamanuensis Leif Hauge, Høgskulen i Sogn og Fjordane
- 14:00 Pause
- 14:30 Presentasjon av dei deltakande musea.
Faglege utfordringar og problemstillingar knytt til kulturlandskapet.
Forventningar til nasjonalt nettverk for kulturlandskap
- 17:30 Forventningar til nettverket v/ Morten Skadsem, ABMU.
- 19:00 Middag og sosialt samvær.

Fredag 11. juni

- 09:00 Nye roller for musea i kulturlandskapsforvaltninga ?
v/ professor Ingvild Austad, Høgskulen i Sogn og Fjordane
- 09:45 Kulturlandskapsarbeid på De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
v/ museumsdirektør Aage Engesæter, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
- 10:30 Lett formiddagsmat
- 11:00 Ekskursjon:
1 - Friluftsmuseet - Utfordringar i det praktiske kulturlandskapsarbeidet.
2 - Ekskursjon til kulturlandskap i nabolaget til museet.
- 13:00 Lunsj

14:00 Kulturlandskapsnettverket – innhald og arbeidsmåtar:

Praktiske problemstillingar for musea

10 min. innlegg med hovudmoment frå drøftinga om utfordringar i det praktiske kulturlandskapsarbeidet v/ museumsbonde Elisabeth Dahle
Drøfting

Kva samfunnsnytte bør eit museumsnettverk for kulturlandskap ha ?

10 min innlegg v/ professor Ingvild Austad
Drøfting

Organisering og struktur av museumsnettverket for kulturlandskap

10 min. innlegg v/ museumsdirektør Aage Engesæter og naturhistorisk konservator Liv Byrkjeland, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
Drøfting

Oppsummering og konklusjon v/ museumsdirektør Aage Engesæter

16:00 Slutt

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR:

SEMINARAVGIFT: ja

REISEMÅTAR:

Fly: Alle må fly via Oslo eller Bergen for å koma til Sogndal: Oslo – Sogndal: 08:57 – (ank.09:47), Sogndal - Oslo: 18:17 (ank. 1904), Bergen - Sogndal: 09:17 (ank. 09:52), Sogndal-Bergen : 18:22 (ank. 18:55).

Buss: Det er fleire daglege samband frå Oslo og Bergen til Sogndal. Kjem ein med buss frå Oslo må ein reisa dagen i førevegen, frå Bergen kan ein ta buss kl 06.40 og vera framme til seminarstart. Ein kan og returnera umiddelbart etter seminarslutt fredag.

Det er også bussamband mellom Sogndal og Ålesund og Trondheim.

Båt: Det går ekspressbåt mellom Bergen og Sogndal, men rutetidene høver dårleg i forhold til seminaret.

OVERNATTING:

Vi anbefaler overnatting på Vesterland, eit hotell og hyttesenter med høg standard, nokre få minuttars gangavstand frå museet.

Spesialprisar ved bestilling i samband med påmelding:

De lux dobbeltromkr 1305

De lux enkeltrom.....kr 855

Appartement: 40 m², stove, kjøken og eitt
soverom for ein eller to personar.

Pris pr appartement.....kr 652

Hytter: 43 m², stove, kjøken og to soverom

(to enkeltrom). Pris pr hytte.....kr 855

I hytter og appartement er det høve til å laga frukost. Frukost kan også kjøpast på Vesterland for kr 65.

Klipp-----

PÅMELDING til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Vestreim, 6854 Kaupanger
før 10 mai

Namn.....

..... Telf.:.....

Institusjon/adresse:.....

.....e-post:.....

Overnatting, oppgi alternativ og eventuelt om ein vil dela hytte appartement med nokon:

.....

.....